



«Putin er ein avslappa samtalepartnar med god humor og sjølvironi» hevdar Gerhard Schröder. I boka *Klare Worte* greier han ut om venskapen med den russiske presidenten.
Foto: Wikimedia

«Putin er ein klokkerein demokrat»

Kvar kjem tidlegare forbundskanslar Gerhard Schröders Russland-kjærleik frå?

TYSKLAND

SJUR HAGA BRINGELAND
sjurhabring@gmail.com

Schröders ettermæle er brokete: Kjem han til å bli hugsa som fredskanslar eller den fyrste som sende tyske soldatar til fronten, då han lét tyske Tornado-jagarfly bomba i Kosovo? Var han ein moderniserande kanslar som rusta Tyskland til å klara seg gjennom finanskrisa, eller sparka han beina under det tyske sosialdemokratiet og svekte velferdsstaten?

Gamle forbundskanslarar, dei tyskarane kallar «Altkanzler», har som regel ei høg stjerne i Tyskland. Det fremste dømet er Helmut Schmidt, som framleis røyker mentolsigarettane sine i talkshow og sel bøker i store opplag. Med Schröder er det annleis – mange skuldar han for å vera ein mann som ville bli rikast mogleg på kortast mogleg tid. For få månadar etter avgangen som forbundskanslar i 2005 byrja han å arbeida i Nord Stream, eit pipelineselskap der det statskontrollerte russiske Gazprom er største

aksjeeigar.

CLINTON KJEM FOR SEINT

I Berlin førre fredag lanserte han boka *Klare Worte* (*Klære ord*) der han ser sjølvikkert attende på kanslartida, freistar å greia ut om eigne val og kjem med skarpe åtak på Angela Merkel og europapolitikken i dag. Boka har hausta gode kritikkar for å vera velskriven, og ho er krydra med anekdotar om møte med statsoverhovud: Blair hadde han sansen for, heilt til han byrja å tala som ein prest. George W. Bush var upretensios og hyggjeleg, på ingen måte ei personifisering av verdas leiande supermakt. I motsetnad til Clinton, som heile tida freista å syna at han var president, og elska å koma for seint og la folk venta på han.

REHABILITERA RYKTET SITT

Då ein av dei over hundre journalistane som var til stades under lanseringa, spurde Schröder kva han vil med boka, svarta han kort: «Dette er ei gåve til meg sjølv på 70-årsdagen, ikkje noko meir.»

Det er ikkje heilt truverdig,

meiner Marc Debus, politikkprofessor ved Universitetet i Mannheim:

– Schröder vil rehabilitera omdømet sitt. Han ynskjer bli sett på som ein eldre statsmann, eit image han slit med å få gjennomslag for. Det er ikkje berre nærleiken til den russiske storfinansen i ettertid som har gjort han upopulær. Med reformprogrammet «Agenda 2010» splitta han i 2003 det sosialdemokratiske partiet SPD. Denne reforma kutta ned på fleire av velferdsgoda og braut slik med den sosialdemokratiske tradisjonen. Samstundes var det fruktene av «Agenda 2010» som redda Tyskland frå dei verste fylgjene av finanskrisa. Dette vil Schröder hausta laurbæra for, noko han har god grunn til, meiner Debus.

PUTINS SJØLVIRONI

Schröder er nær ven med Vladimir Putin og talar varmt for at Tyskland bør styrkja dei politiske og økonomiske banda til Russland. Sjølv har han omtala Putin som ein «klokkerein demokrat», ord han i boka står fast ved. Putin har som mål «å skapa eit fungerande demokrati og eit stabilt statsvesen, ein veg som er tung å gå for eit samfunn som har opplevd mange tiår med totalitært styresett», hevdar han. Den tyske omtalen av Sotsji-OL er «urettferdig og ideologisk farga» hevdar han. Dei nye lovane mot «homofil propaganda» tek han avstand frå, men «dei må skjønast som eit uttrykk for viljen til fleirtallet til det russiske folket». Om

Putin som privatperson har han berre godt å seia: «Putin er ikkje slik som rykta seier, han er ein avslappa samtalepartnar med god humor og sjølvironi.»

UTAN STATSMANNSTYNGDE

– Kvar kjem denne sterke Russland-kjærleiken frå?

– Eg trur det han kan førast attende til den andre regjeringssperioden hans, då han med sitt nei til Irak-krigen distanserte seg frå USA og Storbritannia og heller søkte nærleik til Frankrike og Russland. Å kalla Putin ein «klokkerein demokrat» har skada omdømet hans, med rette, meiner Debus.

– Det at han gjekk rett frå kanslarstillinga til russiske Gazprom, vekkja det nokon prinsippdebatt kring karantenetid for politikkarar andsynes stillingar i næringslivet?

– Nei, faktisk ikkje. Dei siste vekene har me hatt ein slik debatt, då det blei kjent at ein minister frå Merkels førre regjering skulle byrja i styret til Deutsche Bahn. Men når det gjeld Schröder og Gazprom, var problemet fyrst og fremst at forbundskanslaren plutsleg skulle arbeida for ein annan stat, *mot* interessene til Tyskland og EU. Mange oppfatta dette som brot mot den eiden han hadde avlagd som forbundskanslar. Dette gjer han mindre truverdig – når han uttalar seg i dag, er det ikkje med statsmannstyngde. Det er ein privatperson og forretningsmann som ytrar seg, hevdar Debus.

– Schröder vil rehabilitera omdømet sitt. Han ynskjer bli sett på som ein eldre statsmann, eit image han slit med å få gjennomslag for.

Marc Debus, politikkprofessor ved Universitetet i Mannheim

Ni migranter livet for

Nytt migrantpress på d
Dei blir møtte av ein ny

MIGRASJON

SANDRINE MOREL

Minst ni personar frå område sør for Sahara mista livet torsdag 6. februar, då dei freista symje over grensa som skil Marokko frå den spanske enklaven Ceuta, ifølgje dei siste meldingane frå spanske styresmakter. Denne nye tragedien vitnar om eit auka migrantpress på enklavane Ceuta og Melilla, med dei einaste grensene på land mellom Marokko og Spania, mellom Afrika og Europa.

Svært tidleg om morgonen, fortel kjeldene, byrja mellom 200 og 400 migrantar å ta seg fram mot grensestasjonen Tarajal i den sørlege delen av Ceuta. Etter å ha oppdaga dei, takk vere infraraude kamera, melde dei spanske styresmakterne frå til marokkansk politi, som posterte seg framfor grenseposten. Ein del av gruppa sette kursen mot Tarajal-odden, som eigentleg er ein jetée, for å freiste symje dei få hundre metrane som skilde dei frå den spanske stranda.

EI ANNA HISTORIE

Kva som så hende, er det ulike versjonar av. Ifølgje fleire lokale NGOar, som Caminando Fronteras, skal den spanske sivilgarden ha nytta gummikuler og tåregassgranatar mot migrantane. Spanjolane har berre vedgått bruk av «avskrekkingsmiddel» mot «aggressivitet» til migrantane som skal ha «kasta stein mot tenestemennene» og «vist ei svært valdeleg haldning». Åtte menn og ei kvinne døydd, nokre av drukning, andre vart trampa i hel.

I løpet av nokre månader har freistnadene på å ta seg inn i Ceuta og Melilla blitt mangedobla. Regjeringsdelegasjonen i Ceuta, som krev at jeteen vert forlenga, hevdar at det er om lag tusen migrantar kring enklaven som er fast bestemte på å ta seg inn illegalt. I september 2013 klarde nesten 90 personar av ei gruppe på 300 å symje over til Tarajal-stranda ved å nytte oppblåsne bilslangar som livbelte. Dei var kraftig nedkjølte, og vart tekne hand om av Raudekrossen.

Natta til 21. januar i år forlét om lag 800 personar Gourougou-fjellet i Marokko, der immigrasjonskandidatane plar gøyeme seg før dei freistar forsere dei tredoble speringane ved Melilla. Dei vart avskorne etter at eit helikop-